

# HØYRINGSFRAMLEGG TIL LOKAL FORSKRIFT OM HOVUDMÅL FOR GRUNNSKULANE I BOKN KOMMUNE

Heimel:

Vedteke av kommunestyret i Bokn **DATO** med heimel i Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (LOV-2023-06-09-30) § 15-2.

## § 1 Føremål og verkeområde

Forskrifta fastset hovudmålform i Bokn kommune for grunnskulen og Bokn vaksenopplæring jamfør opplæringslova

§ 15-2. Forskrifta gjeld for alle elevar og tilsette ved grunnskulen og vaksenopplæring i Bokn kommune.

Elevar på 1. til 7. trinn skal i det skriftlege arbeidet bruka det skriftspråket som kommunen har vedteke som hovudmål for skulen.

Føresette til elevane vel om læremidla skal vere på bokmål eller nynorsk. jamfør opplæringslova § 3-1.

Elevar på 8. til 10. trinn vel sjølve om dei skal bruke bokmål eller nynorsk som hovudmål, og om læremidla skal vere på bokmål eller nynorsk jamfør opplæringslova § 3-1.

Deltakarar i opplæringa for vaksne vel sjølve om dei skal bruke bokmål eller nynorsk som hovudmål i det skriftlege arbeidet jamfør opplæringslova § 19-3.

## § 2 Hovudmål

Hovudmålet i grunnskulen i Bokn kommune er nynorsk. Skulen skal nytta nynorsk som skriftspråk i opplæringa og i all skriftleg kommunikasjon både til elevar, føresette og andre.

Iverksetjing Forskrifta trer i kraft 1.august 2024